

**Ledige plassar på eldrefesten**

21.09.2010

**Den nasjonale Eldredagen vert markert i Kvinnherad tysdag i neste veke. Det er enno ledige plassar, men då må ein melda seg før klokka 15 i morgon, onsdag. Førebels har berre 10 frå Uskedalen meldt seg.**

Frivilligprisen til Otto Blokhus vert delt ut.

Hans Olav Tungesvik frå Skånevik vil kåsera over tema Aktive eldre til beste for alle.

Det vert konsert med musikkgruppa Tango Twist, ei rykande fersk gruppe med interesse for tango som musikkform og slik den har utvikla seg i ulike land.

Det vert servert middag og det er høve til å sei fram helsingar.